

## RAPPORTERING PÅ TILSKOT «KULTUR AMATØR» SAKSNUMMER 2017/903

### Ten Sing Norway besøksveke/-helg

#### Gjennomføring:

Ten Sing Norway 2017/2018 hadde to Noregsturnéperiodar, der den første var i november 2017 og den andre i januar/februar 2017, der turneen på hausten var ein showturné, medan i januar/februar var det besøksveker og festivalhelger som var hovudfokuset. 9.-10.november var Ten Sing Norway på Voss, og Voss KFUK-KFUM var vertskap for besøket. Torsdagskvelden, 9.november, hadde Ten Sing Norway konsert i Vonheim der dei hadde framsyning av showet sitt, der både medlemmar i Refleks Ten Sing og foreldre kom, medlemmar i Voss KFUK-KFUM og andre interesserte frå Voss, samt eit par av Ten Sing gruppene frå Bergen tok også turen til Voss for å få med seg showet. Konserten hadde temaet «Born to be free» og handla om det å vere ung i dagens samfunn og KFUK-KFUMs ideologi og verdiar. Ten Sing Norway presenterer showet sitt slik:

*«Ten Sing Norway 17/18: «Born to be Free»:*

*Ten Sing Norway inviterer til sitt show: Born to be free! Showet inneholder tanker rundt individ og samfunn, frihet som konsept, og KFUK-KFUMs grunnverdier summert opp i slagordet «Vær deg selv, stå opp for andre». Vi ønsker å sette fokus på globale problemer og lokalt arbeid. KFUK-KFUMs Ten Sing-arbeid jobber med bakgrunn i idéen om ungt ansvar og voksent nærvær. Vi ønsker også å ta opp samme idé men med en liten vri: Menneskelig ansvar, guddommelig nærvær. Håper vi ser DEG på showet!»*

Det vart ein flott kveld med rundt 120 stykke tilstade. Ungdommane som var på showet storkosa seg og hadde mange gode tilbakemeldingar etterpå. Ten Sing Norway overnatta på madrassar i Vonheim frå torsdag til fredag.

Som ein del av Noregsturneen kom og Ten Sing Norway til Bergen på besøksveke i veke 8 i 2018. Dei hadde då base i Bergen, og budde i vertsfamiliar. Det vart våren 2017, og på nytt på hausten, sendt ut invitasjon til alle ungdomsgrupper i KFUK-KFUM Bjørgvin med invitasjon til å bestille inn TenSing Norway til einingsbesøk (gruppebesøk), der Ten Sing Norway kjem på besøk til gruppa ein kveld og lagar opplegg tilpassa gruppa sine ønskjer og behov. Eit einingsbesøk kan innehalde mange ulike element, som til dømes korøving, bandøving, opplæring/ innøving for danse- eller dramagrupper, teknikkopplæring, styresamling/ styreopplæring, fokustime/skumringsstund, samtaleopplegg med gruppeleiarar, ein-til-ein-undervisning i instrument, direksjon eller dans, miniworkshops, KFUK-KFUM ideologikurs, oppvarmingsleiker, teambuidlingsleiker m.m. Gruppene som bestilte inn besøk hadde god dialog på førehand med Ten Sing Norway slik at besøket vart utforma etter gruppa sine behov og ønskjer. Dermed gir Ten Sing Norway besøk viktig

påfyll både til medlemmane og leiarane i gruppene. I løpet av dei fire dagane som Ten Sing Norway var i Bergen, besøkte dei til saman 10 grupper, både Ten Sing grupper og ungdomsklubbar i Bergen (Fana, Åsane, sentrum, Landås), Fjell, Os, og Fedje kommunar. Vi prøvde også å få til skulebesøk i Bergen sentrum, men dette fekk vi ikkje til, på grunn av at det ikkje passa for skulane å ta i mot besøk dei dagane som Ten Sing Norway var på besøk i Bergensområdet.

Ten Sing Norway er KFUK-KFUM sitt eittåringsprogram, og eit av «flaggskipa» våre. Dei er elevar ved Rønningen Folkehøgskole i Oslo, og har Ten Sing Norway som eiga linje med fordjupning i m.a. band, vokal, dans og drama, i tillegg til fellesundervisning i emne som leiartrening, forkynning, tru og refleksjon. Året byr på ei god blanding av teori og praksis i leiartrening, leiarutvikling og musikalsk utvikling. Ten Sing Norway skaper mykje glede, inspirasjon og engasjement i KFUK-KFUM, både for ungdommane våre og våre frivillige medarbeidarar. Derfor er eit besøk av Ten Sing Norway både eit viktig verktøy og metode i vårt programarbeid.

### Prosjektrekneskap:

Tekst	Regnskap hittill i år
10 – Ten Sing Norway	
INNTEKTER	
3630 – Deltageravgifter (ved enhetsbesøk) *	-24000
3701 – Fylkeskommunal støtte **	-5000
SUM INNTEKTER	-29000
KOSTNADER	
7110 – BESPISNING ***	966,36
7111 - Show/Program (TSN honorar)	20000
7114 – Transportkostnader ****	9625
SUM kostnader	30591,36
Netto resultat	1591,36

#### Kommentarar til prosjektrekneskap:

\* Det er ikkje alle einingane som har betalt inn enno, men det er dette beløpet som er utfakturert for.

\*\* Kultur Amatør tilskotet vart tildelt i 2017 og er rekneskapsført i vårt rekneskap i 2017.

\*\*\* Her vart kostnadane lågare enn venta pga innkvartering i vertsfamiliar, samt at mange av gruppene som fekk besøk, serverte middag til Ten Sing Norway. Kost og losji er ikkje inkludert i honoraret TSN tar for å gjennomføre besøksveke.

\*\*\*\* Utgifter til leige av buss og offentleg transport i samband med gruppebesøka, då det ikkje er inkludert i det honoraret som TSN tar for å gjennomføre besøksveke.

Lønskostandar som var lagt inn i budsjettet er kostandar knytt til dagleg leiar sitt ansvar for koordinering, planlegging og gjennomføring av arrangementa i samarbeid med frivillige medarbeidarar. Lønskostnadane er estimert med tanke på kor mykje arrangementet kan bidra til dekking av kretsen sine lønskostnadar, og ikkje ein reell sum for kor mykje tid dagleg leiar brukar på arrangementet i form av planlegging, gjennomføring og etterarbeid. Dette prosjektet gjekk i underskot før lønskostnadar vart rekna inn, men vi ser på dette prosjektet som ei viktig investering i programarbeidet vårt for ungdom, då Ten Sing Norway er til stor inspirasjon og glede for mange av ungdomsgruppene våre.